



Leiar Kåre Vetthus i elveeigarlaget har skrudd opp tre av dei fine og nye skilta. (.Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalselva er ei populær fiskeelv og elveeigarlaget gjer mykje for å gjera ho enda meir søkt. Det siste som er skjedd er oppsetting av fine skilt som peikar mot tre av dei parkeringsplassane som fiskarane kan nytta.**

Det er plassane ved Feet/Djupehølen, Vetebru/Brukjæret (nedafor Haugland) og Heiabrua (der vegen mot dyrkingsfeltet og kalkingsstasjonen tar av). Desse plassane har vore skilta før, men då med små og nesten "usynlege" skilt, No er dei erstatta med skilt med ein diger laks og ELVEEIGARLAGET på.

Skiltproduksjonen er eit kapittel for seg, for laksen er teikna av skulejenta Marita Kjærland medan AFA har laga skilta på spesialmaskinen sin.

Kanskje kjem det også opp eit skilt ved Leirhålo (der Tverrelva kjem ned).

Skiltinga er i tråd med driftsplanen for laget, som inneheld ei rad med tiltak. Eit som dei også er godt på tur med er rydding langs elva.

Andre punkt der det kan gjerast meir er plassering av bord og benker, skilting av stigar fram til fiskeplassane og oppsetting av bruer og gjerdeovergangar.

Informasjonstavler er det heller ikkje for mange av, blir det påpeika av fiskarar overfor uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Det er innbydende, lokalproduserte skilt som har kome opp langs elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)